

# Presentasjon av rapport for 1. tertial 2023

Kommunestyremøte 15.06.23

# Revidert oversikt

DRIFT	Budsjett	Endring	Nytt budsjett
<b>2020 – GRUNNSKULE</b>			
- Konsulenttenester	0	240'	240'
- Skuleoppfølgingsordninga	0	-350'	-350'
- Lønn og sos. omk. Fagarbeidrarar	1 774'	225'	1 999'
<b>2010 – BARNEHAGEN</b>			
- Lønn og sos. Omk.	4 006'	641'	4 647'
<b>2531 – PLOM-INSTITUSJON</b>			
- Lønn og sos. Omk.	13 624'	1 840'	15 464'
- Vikarbyrå	0'	1 200'	1 200'
- Lønnsrefusjon	-237'	-150'	-387'
<b>2341 – PSYKISK HELSE</b>			
- Lønn og sos. Omk.	1 128'	385'	1 705'
- Lønnsrefusjon	-10'	-15'	-25'
<b>8700 – RENTER/UTBYTTE OG LÅN</b>			
- Utbytte BKK	-1 200'	-1 000'	-2 200'
- Overføring til investeringar	806'	-806'	0
<b>2320 – HELSESJUKEPLEIAR</b>			
- Kjøp frå Austrheim	360'	250'	610'
<b>SUM</b>		<b>2 460'</b>	

# Avvik frå budsjett 2023 i 1. tertial

2531 – PLOM-INSTITUSJON:

Kommentar – Er ikkje teke høgde for i budsjett 2023 og treng finansierast:

- Sjukeheimen gjekk inn i årsturnus frå 1.1.23. Ein viktig årsak til dette er å betre kunne planlegge drifta og at dei tilsette får meir føreseielege arbeidsvilkår (grep for å behalde tilsette og rekruttering)
- For å få dette til måtte tilsette gå opp i stillingsprosent. Dette blei ikkje lagt inn i budsjettet for 2023 (1.2 millionar på årsbasis – ikkje tertial). Dette blir ein permanent utgift framover som vil auke med lønnsoppgjera
- Det blei søkt etter helsefagarbeidar i 2022 (fast stilling) på grunn av vanskar med å rekruttere sjukepleiarar. Denne blei heller ikkje lagt inn i budsjett for 2023. Svikt i systemet
- Desse to endringane utgjer til saman ca 2 årsverk
- Stort sjukefråvær på sjukeheimen har gjort at behov for vikar svært stort. Det er ikkje mogleg å få tak i vikar, så difor er det brukt bemanningsbyrå. Då må kommunen og dekkje bustad. Det er til no brukt 600 000,- pr 1. tertial.
- Mangel på sjukepleiarar har også ført til ein ekstrautgift på 120 000,- for å dekkje opp bakvakt sjukepleiar på natt

# Moglege løysingar viss vi ikkje skal bruke vikarbyrå

1. Årturnus skulle føre til mindre bruk av vikar, men grunna stort sjukefråvær, som og er aukande, har dette ikkje fungert.

Mi tanke er at løysing med årturnus er god. Det vil kunne gi betre arbeidsvilkår for dei tilsette og på sikt kan det få ned sjukefråvær. Det gjer og sjukeheimen til ein meir attraktiv arbeidsplass.

2. Problemet er **aukande sjukefråvær**. Me har satt inn tiltak saman med bedriftshelsetenesta, men dette er arbeid som tar tid å gjere noko med
3. Mitt forslag er å redusere drifta (tal senger) og i tillegg omrokkere andre helseressursar i kommunen til midlertidig å gå inn der det er behov for vikar
4. Andre helseoppgåver må då prioriterast ned ein periode
5. Forslag om kjøp av senger frå andre kommunar må undersøkjast

Konsekvens:

Venteliste og hardare prioritering

Andre helseoppgåver må prioriterast ned i 2023

Endring i revidert budsjett:

**- 600 000,-** (lagt inn 1.2 millionar pr. august – 1.8 millionar pr. 31. desember)

# Avvik frå budsjett 2023 i 1. tertial

## 2320 – Helsesjukepleiar

### Kommentar:

Avvik skuldast at avtalen med Austrheim kommune vart underskrevet etter at budsjettet for 2023 vart vedteke. Avtalen blei 250 000,- dyrare enn budsjettet for 2023. i tertialrapporten. Det ligg inne 110 000,- i skjema til tilsetting av helsesjukepleiar som kan gå ut

### Mogleg løysing:

Me seie opp avtalen og tilset eigen helsesjukepleiar. Dette vil få konsekvens for budsjett 2024, ikkje 2023.

Ressursen kan følge opp plan for førebygging born/unge  
Generell førebygging psykisk helse born/unge

Generell førebygging psykisk helse i team med dei andre ressursane me har. Jfr. Regjeringa si satsing på førebyggjande arbeid innan psykisk helse – spesielt prioritert mot born og unge

# Avvik frå budsjett - 1. tertial 2023

2020 - Grunnskule

Kommentar:

Det vart oppretta ei midlertidig konsulentstilling grunna behov for oppfølging på barnetrinn og SFO om lag på 90%. Denne blir avslutta i juni.

Me har tilsett ein fagarbeidar som var lagt inn i budsjettet for 2023. Med nye behov/lovkrav må me tilsette ein fagarbeidar til (avløyser konsulentbruk).

Desse oppgåvene er faste oppgåver som får konsekvens for budsjettet for 2024 og me må auke budsjettet med 225 000,- for 2023. – **uføresette oppgåve**

Det blei utbetalt ein sluttspakke som ikkje var budsjettert for (**uføresette oppgåve**)

Skulen har teke i mot flyktningar som viste seg å krevje ekstra ressurser. Ikkje lagt inn i budsjett for 2023

Konklusjon:

For å sette krava innan skule må me auke tal fagarbeidrar med ei stilling.

Dei andre ekstraordinære utgiftane vil bli håndtert i drifta resten av året.

# Avvik frå budsjett - 1. tertial 2023

2010 - Barnehage

Kommentar:

Grunna jamn auke i barnetalet, og born på venteliste, måtte barnehagen auke bemanning januar 2023 (krav/norm) – fast stilling som pedagog. Dette fører til ei auke i lønnsutgifter på kr 641.000,- (varig)

Konklusjon:

Me har krav til bemanning (norm)

Me kan anten innføre venteliste (noko som ikkje er lov – alle har rett på barnehageplass)

Eller innføre betaling i barnehagen frå 1. september 2023 for å dekkje inn utgifta

# Avvik i budsjett 2023 - 1. tertial 2023

## 2341 – Psykisk helse

### Kommentar

Staten har finansiert ein 50% stilling (med nedtrapping av økonomisk støtte over fire år).

Denne stillinga må kommunen finansiere åleine frå 2024.

Det blei ikkje lagt inn riktig sum i fht nedtrapping av støtte frå staten i budsjettet for 2023

Ekstra utgift i revidert budsjett er på kr 385 000,-. Denne vil auke i 2024

### Konklusjon:

Kommunen kan sei opp stillinga (50%) men stetter då ikkje staten sitt krav innan arbeidet med psykisk helse/rus

# Avvik i budsjett -1. tertial 2023

## Oppsummert

1. Det er stor sannsyn for at me har lagt inn **for lite i lønnsrefusjon** for 2023 (noko er lagt inn i skjema i dag)
2. I haust vil me få på plass kommunalsjef HR/Forvaltning (15.09) og kommunalsjef Samfunnsutvikling (1.10) og økonomirådgjevar. Dette vil gi moglegheit for å effektivisere drift, kutte ut dyre private løysingar og betre kontroll og økonomistyring
3. Manglar oppfølging og kontroll med refusjonar
4. Mogleg at staten kjem med meir midlar grunna auke i folketal
5. Eg ynskjer å komme tilbake med **ny sak over sommaren** for å rette opp i uklære summer, vise innsparinger og tiltak for å få ned utgiftane. Forslag om at politikarane ikkje vedtek 1 tertial – men vedtek 2 tertial
6. Noko er prognose pr no - Noke er prognose for tertialet – revidert budsjett blir difor feil
7. Det er vanskeleg å komme med eksakte tal og riktige prognoser, bortsett frå bruk av vikarbyrå – den skal jobbast med
8. Har ikkje tilstrekkeleg med kapasitet og kompetanse til å dekkje oppfølging og controllarfunksjon
9. Må komme tilbake til finansiering av meirforbruket. Jobbe internt med einingsleiarane
10. Vil trenge politiske vedtak – forslag om betaling i barnehage, redusere senger, omdisponering av tilsette for å unngå bruk av vikarbyrå